



DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Nordhordland

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

Lindås kommune

v/ ordføraren

Budsjettsituasjonen 2015 for Lindås kyrkjelege fellestråd

Som prost er eg biskopen sin representant i prostiet og har eit ansvar for å sjå til at prestetenestene og dei kyrkjelege tenestene elles vert utført i samsvar med lovverk, retningslinjer og målsetjingar som er sette i bispedømet.

I den samanheng er det også vere relevant å følgje opp fellestråda sitt budsjettarbeid, for budsjettet vil langt på veg legge rammer for både prestetenester og kyrkjelege handlingar elles i året som kjem.

Lindås kyrkjelege fellestråd si økonomiske hovudutfordring for 2015 er at det å drifte ei stor, ny kyrkje nødvendigvis vil dra med seg betydelege meirkostnader. Ikkje berre fordi utgifter til forsikringar, elektrisk straum, reinhald etc. vil vere betydelege, men også fordi kyrkja skal gje rom for aktivitetar som krev både bemanning og materiell. Kyrkjetenar/vaktmeister- funksjon åleine vil eksempelvis vere ein ny kostnad.

Biskopen har med heimel i gjeldande lovverk forordna gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar søndag. Samstundes vert det oppretthalde eit gudstenestetilbod i dei 9 andre kyrkjene innafor kommunen. Det vert også oppretthalde tenester som dåp, konfirmasjon, vigslе og gravferd i alle kommunen sine kyrkjer.

Dersom ein skulle endre på dette, ville det krevje ein prosess som kyrkjelydane måtte involverast i, og det ville krevje ei ny forordning frå biskopen.

Det er ikkje vanskeleg å sjå at både å oppretthalde gamal aktivitet og å få ansvar for eit nytt satsingsområde knytt til den nye kyrkja, ikkje let seg gjere dersom budsjettet samstundes vert redusert.

Postadresse
Kyrkjekontoret
Lonsvegen 1
5914 ISDALSTØ

Besøksadresse
Kyrkjelydshuset
Lonsvegen 1
ISDALSTØ

Telefon 56 37 59 20
Mobil 95 72 91 72
E-post: god-s@online.no

Med eit redusert budsjett vert truleg konsekvensen at nokre av dei oppgåvene som fellesrådet i dag utfører, må avviklast i 2015. Kva handlingsrom fellesrådet har i så måte, må ein kome attende til etter å ha analysert situasjonen.

Kyrkjelege handlingar og tenester som dåp, trusopplæring, konfirmasjon, vigsel, gravferd, gudstenester kan ein ikkje utan vidare avvike, fordi alt er pålagt fellesrådet med utgangspunkt i gjeldande lovverk. Men desse tenestene dreg også med seg både bygningar og tilsette.

Eit innsparingspotensiale for fellesrådet er å redusere talet på kyrkjelege- og administrative einingar innafor kommunen.

Først gjeld dette kontorstrukturen. Ved å samle alle dei fire kontora ein har i dag (Lindås, Ostereidet, Alversund, Knarvik) i eitt felles kyrkjekontor for alle kyrkjeleg tilsette innafor Lindås, så ville ein truleg kunne spare betydeleg og effektivisere dei administrative funksjonane. Eit slikt grep ville også ha fleire samhandlingsgevinstar. Men det er fleire utfordringar knytt til ei slik endring. Først og fremst vil det krevje ei vesentleg investering for å etablere/leige/bygge kontorlokale som ein i dag ikkje har. –Vidare vil det redusere kyrkja sitt nærvær i lokalsamfunn som Lindås og Ostereidet, og derfor møte ein viss lokal motstand. Nokre tilsette vil også bli påførte meir reisetid til og frå kontor.

Ein kan også sjå for seg at ein kan forenkle soknestrukturen, og kyrkjestrukturen kan verte forenkla. Dette er det imidlertid ikkje all verdens å spare på dersom ein ikkje totalt avviklar bruken av visse kyrkjer.

Eg deltek gjerne i samtale med Lindås kommune om dei utfordringar som er knytt til budsjett 2015 for Lindås kyrkjelege fellesråd.

Med helsing

Geir Sørebo

Prost i Nordhordland prosti

Postadresse
Kyrkjekontoret
Lonsvegen 1
5914 ISDALSTØ

Besøksadresse
Kyrkjelydshuset
Lonsvegen 1
ISDALSTØ

Telefon 56 37 59 20
Mobil 95 72 91 72
E-post: god-s@online.no